

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** Fredag 16.12.2011  
**Stad:** Gol, Gol kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.  
Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum.  
Rådmannsutvalet deltok i sak 62, 63, 64, 66, 72 og delvis 73.

---

## **SAK 62/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28.10.2011**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 28.10.2011 vart vedteke.

## **SAK 63/11 ÅRLEG MØTE MED HALLINGDAL UNGDOMSRÅD**

Regionrådet hadde det årlege møte med Hallingdal Ungdomsråd der HUR m.a. tok opp følgjande:

- Busskort
- Trafikktryggleik
- Ynskje om stilling som miljøarbeidar
- Trafikalt grunnkurs
- Bulyst
- Aktivitetar som Skummelt Oppdrag og Torpomoen

Presentasjon, vedlegg 1.

## SAK 64/11 MØTEPLAN 2012

### Vedtak

DATO	TID	STAD	REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET
Fredag 27.1.2012	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 24.2.2012	09:00	Flå	Regionrådet Inkl. dialogmøte med fylkesmannen
Torsdag - fredag 15.3-16.3.2012	09:00		Regionrådet/rådmannsutvalet
Måndag - tysdag 23 - 24.4.2012	09:00	Hol	Hallingtinget
Fredag 25.5.2012	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 29.6.2012	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 31.8.2012	09:00	Gol	Regionrådet
Fredag 28.9.2012	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 26.10.2012	09:00	Nes	Hallingtinget
Fredag 30.11.2012	09:00	Flå	Regionrådet
Fredag 14.12.2011	09:00	Gol	Regionrådet

## SAK 65/11 AAL STASJON OG FIBERSTRATEGI FOR HALLINGDAL

Saka vart utsett

## SAK 66/11 SØKNAD OM TILRETTELEGGING AV FLEKSIBLE LÆRINGSARENAER I LOKALMILJØ – UTVIKLING AV BIBLIOTEKA SOM EIN GOD STAD Å STUDERE

### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal utset saka og ber om ei nærare kartlegging av behov.

## SAK 67/11 SØKNAD OM TILSKOT TIL DELVIS LØNNSKOMPENSASJON FOR HANDVERKARAR FRÅ HALLINGDAL, SOM DELTEK I OPPLÆRINGSPROGRAM I TRADISJONSHANDVERK 2012 - 2013

### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal synest det er positivt at Buskerud bygningsvernsenter startar opplæringsprogram i tradisjonshandverk i Hallingdal.
2. Ut frå ei samla vurdering rår Regionrådet for Hallingdal til at det blir løyvd kr. 20.000 i lønnskompensasjon, til handverkarar frå Hallingdal, som gjennomfører kurset, innanfor ei ramme på kr. 200.000. Føresetnaden er at kursdeltakar forpliktar seg til kostnadsfritt å yte fagleg bistand i Hallingdal, innanfor ein timeressurs på 6 timar.
3. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

4. Dei som deltok på kurset og som kan få lønnskompensasjon, skal vera handverkarar som har klare ambisjonar om å ha dette som næring også i framtida, og som ynskjer å spesialisere seg innanfor restaureringsfag og tradisjonshandverk.

#### **SAK 68/11 HALLINGDAL REISELIV, INFORMASJON OM STATUS/AKTIVITETAR OG SØKNAD 2012**

Hallingdal Reiseliv ved styreleiar Ragnhild Kvernberg, dagleg leiar Gunn Eliassen og prosjektleiar Lars Wraae Jensen deltok.



*Lansering av **Fjell&Fjord/360**, Gunn Eliassen til venstre og Ragnhild Kvernberg held snora og rådsordførar Oddvar klypper.*

Fjell&Fjord/360 er blant dei fyrste i verda til å lansere interaktiv panoramavisning med integrert søk og booking, sjå: <http://www.fjellandfjord.com/360/>  
Presentasjon som vedlegg til møtebok.

I tillegg til lansering av Fjell&Fjord/360 var det ein statusgjennomgang og orientering om marknadsplan 201, som er grunnlag for søknad til Regionrådet, som vil bli handsama i januar møte.

#### **SAK 69/11 UTTALE, VETERINÆRVAKTORDNINGA**

##### **Vedtak**

Det er med uro kommunane i Hallingdal les at hovudstyret i Kommunenes sentralforbund 25. oktober 2011 gjorde vedtak om at den sentrale avtalen mellom KS og Den norske veterinærforening om veterinærvaktordninga bør avviklast frå 31. desember 2012.

Kommunane har hatt nøgjedande ordning frå januar 2008. I veterinærdistrikta våre, øvre Hallingdal (Hol og Ål) og nedre Hallingdal (Hemsedal, Gol, Nes og Flå), har ordninga fungert svært bra. Ein overgang frå sentrale til lokale avtaler, og økonomisk støtte lagt inn i rammeoverføringane, vil føre til at veterinærvakta blir prisgjeve kommunale vedtak frå år til år.

Hallingdal er eit husdyrdistrikt. Ved inngangen til 2011 vart det i produksjonstilskotssystemet registrert vel 3300 mjølke- og ammekyr, nesten 16 000 søyer og knappe 1500 mjølkegeit i dalen. I tillegg kjem nokre mindre husdyrproduksjonar og mange kjæledyr. Slik sett er Hallingdal godt stilt – det er mange husdyr og landbruket er framleis ei viktig næring i bygdene våre. Det gjer at veterinærvakta truleg vil bli prioritert både i budsjetta og administrativt i åra framover. Men pengar lagt i rammeoverføringar vil alltid vera meir usikre dersom det økonomiske handlingsrommet blir innsnevra. For alle som tek ansvaret med å ha dyr på alvor, er det grunnleggjande å vite at ein kan få hjelp i vanskelege situasjonar.

Det er fleire grunnar til at hallingdalskommunane ynskjer å halde på dagens ordning. Den aller viktigaste er å sikre dyrevelferda over heile landet i gode og dårlegare tider. I føremålsparagrafen i lov om dyrevelferd heiter det at *‘Formålet med loven er å fremme god dyrevelferd og respekt for dyr’*. I § 3 heiter det vidare at *‘Dyr har egenverdi uavhengig av den nytteverdien de måtte ha for mennesker. Dyr skal behandles godt og beskyttes mot fare for unødige påkjenninger og belastninger.’* Lovteksten er spesifisert med eigne forskrifter for kvart enkelt dyreslag.

I lova, so vel som i forskriftene, ligg det at dyr, til liks med menneske, har rett på medisinsk behandling og fødselshjelp. Me er difor pliktige til å ha ordningar som sikrar dyr over heile landet tilgang til veterinær 24 timar i døgnet. Med tronge budsjett og rammeoverføringar kan veterinærvakta likevel bli ein salderingspost i tevling med alle dei andre viktige ansvarsområda kommunane skal ivareta.

Noreg er eit langstrakt land og problemstillingane kan skilja mykje frå eit distrikt til eit anna. Mange stader er det ei vesentleg større utfordring å skaffe kompetente veterinærar enn å handtere konkurranse mellom fleire aktørar i veterinærmarknaden. Andre stader kan priskonkurranse kommunar i mellom føre til at lokale avtaler totalt sett gjer veterinærvakta dyrare enn i dag. I og med at vaktturnusar som medfører natt- og helgearbeid generelt ikkje er særleg attraktive, er sjansane for at tenestene blir billegare mindre sannsynlege i det meste av landet. Me er urolege for at mindre stabile system og budsjettavhengige avtalar etter kvart kan føre til problem med å fylle vaktlistene. I og med at veterinærvakta i enno større grad enn legevakta berre får dei mest akutte tilfella, er det viktig at vaktdistrikta ikkje blir større enn i dag. Me vil seie det so sterkt som at tilfredsstillande tilgang til veterinær 24 timar i døgeret er ein føresetnad for å drive med husdyr.

Ein kan sjølvsagt hevde at kostnaden for bruk av veterinær er dyreeigar sitt ansvar og at det dermed er dyreeigar som bør bera kostnaden med tenestene uansett når dei skal nyttast. I praksis meiner me det er uaktuelt å basere dyrevelferd på enkeltpersonar sin skiftande privatøkonomi. Dessutan ville det føre til uakseptabelt stor prisskilnad frå distrikt til distrikt. Det er eit samfunnsansvar å leggje til rette for stabile og tilgjengelege veterinærtenester ogso utanfor vanleg arbeidstid.

Dagens ordning fungerer godt hjå oss. Vaktdistrikta har ‘sett seg’ og vaktgodtgjersla blir overført utan særleg mykje byråkrati. Kommunane i Hallingdal ynskjer ikkje at organisering og utbetaling av vaktgodtgjersla skal utvikle seg til å bli ei unødvendig tung oppgåve å administrere. Me ser meir administrasjon som ei sannsynleg følgje av eit konkurransesystem med eventuelt fleire tilbydarar, forhandlingar og eigne system for utbetaling av godtgjersle.

Med tanke på dyrevelferd over heile landet vil me hevde at veterinærvakta ikkje er ei teneste som eignar seg for konkurranse ‘for derigjennom å bidra til effektiv bruk av samfunnets

ressurser'. Det er i so fall samanliknbart med å konkurrere om å levere legevakttenester – ein tanke som dei færreste meiner vil gjera tenestene betre landet sett under eitt. Kommunane i Hallingdal meiner at ei sentralt framforhandla avtale om veterinærvakta er det som fungerer best og som best kan sikre dyrevelferda over heile landet. Dersom ei sentral rammeavtale blir vurdert til å vera i konflikt med konkurranselova, ber me om at det på grunnlag av dyrevelferdsomsyn blir utarbeidd unntak etter §3 slik tilfellet er for den kommunale legevakta.

### **SAK 70/11 LANGTIDSFORSØK, FJELLBEITE I HOL, SØKNAD OM TILSKOT**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 80.000 til vidareføring av «Langtidsforsøk, fjellbeite i Hol», med finansiering frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

### **SAK 71-11 TILSKOT YRKESMESSA 2012**

#### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2012
2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 210.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2012, med finansiering frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

### **SAK 72-11 HALLINGDAL SJUKESTUGU, SIGNAL OM MOGELEGE NEDSKJERINGAR**

#### **Vedtak**

#### **Uttale**

1. Regionrådet for Hallingdal syner til tidlegare brev frå rådmannsutvalet i Hallingdal dat. 9.12.2011.

Regionrådet for Hallingdal er no gjort kjent med budsjettforslag 2012 frå administrasjon i Vestre Viken HF, og er både undrande og forskrekka over forslaget, som i klartekst vil vera ei rasering av somatisk avdeling ved Hallingdal sjukestugu (HSS). Regionrådet stiller store spørsmål ved dei vurderingar som er gjort, om det er gjort reelle konsekvensutgreiingar i forhold til forslaget. Regionrådet kan vanskeleg tru at forslaget er vurdert ut frå pasienttryggleik, meir langsiktige økonomiske konsekvensar og det faktum at HSS gjennom mange år har vore synt til, som eit av flaggskipa i distrikts helseNorge. Det kan på ingen måte akseptast ei nedbygging av HSS ut frå kortsiktige økonomiske gevinstar i VV HF. Regionrådet vil og gjera merksam på at det ikkje er aktuelt å gå inn med midlar, ut frå det som er foreslått i budsjett til VV HF.

Regionrådet for Hallingdal ber instendig styre i Vestre Viken HF vurdere dei faktiske og langsiktige konsekvensane, av forslaget til budsjett i forhold til HSS.

2. For Regionrådet for Hallingdal er det uforståeleg at diskusjonen om nedbygging av HSS skjer samstundes som samhandlingsreforma og Lokalmedisinsk senter er i ei avgjerande fase. Dette arbeidet har vore og er eit felles prosjekt mellom Regionrådet for Hallingdal og VV HF. Regionrådet stiller no store spørsmål ved, og vil vurdere om dette er eit reelt samarbeid mellom to likeverdige partar.

3. Regionrådet for Hallingdal vil ut frå den dramatiske situasjonen som har oppstått i forhold til HSS, arbeide aktivt mot sentrale styremakter for å synleggjera situasjonen, og kva betydning forslag til budsjett vil kunne få for Hallingdal.

## **SAK 73-11    EVENTUELT**

### **Programvare målstyring**

Tor Magnussen hadde teke opp spørsmål om innføring av eit databasert målstyringsverktøy, der eventuelt Nes kommune kunne gjennomføre eit pilotprosjekt.

### **Vedtak**

Rådmannsutvalet skal vurdere saka vidare.

### **Auke i skysskostnadar for grunnskuleelevar**

Buskerud Kollektivtrafikk AS (BK) administrera i dag skyss for elevar som er kommunen sitt ansvar. Tidlegare har kommunane betalt for denne ordninga ut frå ein berekna gjennomsnittspris pr. tur, der BK sine administrasjonskostnadar har vore inkludert i prisen. BK vil heretter fakturere kommunane for den faktiske utgift for transporten o i tillegg eit administrasjonsgebyr på kr. 300 pr. elev pr. måned. Dersom kommunane ikkje ynskjer at BK skal administrere denne ordninga er det bedt om attendemelding på det. Det er bedt om nærare informasjon, og Regionrådet tek endeleg stilling til saka når det er gjort avklaringar.

Ål 20.12.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

### **Vedlegg:**

1. Sak 63-11, presentasjon Hallingdal Ungdomsråd
2. Sak 68-11, presentasjon Fjell&Fjord/360
3. Sak 68-11, presentasjon marknadskampanje FjellFjord 2012